

# Referat

---

<b>Møte</b>	<b>Felles UFAB</b>		
<b>Dato</b>	14. april 2021	<b>Tid</b>	14:00-15:00
<b>Stad</b>	Teamsmøte		
<b>Møteleiar</b>	Øyvind Østerås		
<b>Referent</b>	Bjørn Morten Øen		
<b>Deltakarar</b>	Randi Luise Møgster, Grete Lill Hjartnes, Trond Egil Hansen, Terese Folgerø, Anne Karoline Tyssøy Pedersen, Silje Todnem, Martina Moter Erichsen		

---

## SAKLISTE

1. Covid-19
2. Status for evaluering av prehospital plan
3. Status for Tenesteavtale 11 og særavtaler med kommunane
4. Legebilprosjekt Voss
5. Møtefrekvens felles-UFAB
6. Ev.

## Covid-19

Helse Bergen og kommunane samhandlar godt om pandemien (Covid.19) på fleire nivå. Felles-UFAB skal ikkje erstatte den etablerte samhandlinga.

Det vart stilt spørsmål om pandemipasientane som vert innlagt er sjukare enn tidlegare. Dette spørsmålet vert tatt med inn i pandemikoordineringsgruppa for føretaka og kommunane.

## Status for evaluering av prehospital plan

Styret i Helse Bergen har bedt om ei evaluering av prehospital plan. Akuttmedisinsk avdeling har fått oppdraget og det er sett ned ei arbeidsgruppe (tillitsvalde, verneombod og leiarar) for å gjennomføre evalueringa.

Prehospital plan (2018-2035) er i ei tidleg fase, og evalueringa blir ei løypemelding på status i forhold til framdrift og vurdering av om rammeføresetnadane har endra seg.

Eit førebels utkast er snart klar, og Akuttmedisinsk avdeling ønskjer å bruke Felles-UFAB eller UFABane for å få ei breiare vurdering av innhaldet. Felles-UFAB ønskjer at UFABane får tilsendt dette til vurdering. Utkast til evaluering vert sendt ut i slutten av april månad.

## Status for Tenesteavtale 11 og særavtaler med kommunane

Tenesteavtale 11 er signert av Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og dei fleste kommunane. Det er brei semje i Samarbeidsutvala om innhaldet i Tenesteavtale 11.

Akuttmedisinsk avdeling arbeider med utkast til særavtale (Tenesteavtale 11, punkt 6). Målet er å lage ein mal, mest mogleg standardisert, men med rom for kommunale tilpassingar der det er behov for

det. Kommunane er ulike og vi ønskjer ei avtale som er tilpassa både utfordringane og moglegheitane i den enkelte kommune.

Helsedirektoratet utarbeider ein vegleiar for Akutthjelparordninga, men dette arbeidet har tatt meir tid enn venta. Vi held difor fram arbeidet, men er opne for at nasjonale føringar kan medføre endring/tilpassing av særavtala på eit seinare tidspunkt.

Planen er å presentere særavtala i dei lokale UFAB, før Helse Bergen går i dialog med den enkelte kommune. Akuttmedisinforskriftera legg opp til brei samhandling i den Akuttmedisinske kjeda og Helse Bergen ser det som viktig i arbeidet med ei slik særavtale.

## **Legebilprosjekt Voss**

Pilotprosjekt mellom Helse Bergen og Voss interkommunale legevakt. Helse Bergen stiller med ein paramedisiner saman med lege på vakt for utrykking i legevaktsområdet. I enkelte situasjonar kan paramedisiner reise ut åleine, vurdere pasientar evt. med rådgjeving frå legevaktslege. Ordninga vil fungere delar av døgnet.

Helse Bergen tar personell frå ein dagbil på Voss i denne pilotperioden.

Legebilprosjektet er med å viske ut dei tradisjonelle grensene mellom 1. og 2. linjetenesta, og det vert spennande å sjå kva effekt ordninga vil få.

I påska vart ordninga testa (3 dagar) og den vart opplevd som svært positiv. Mellom anna sparte ein ambulansetransport, og det vart og gjort møtekøyring med ambulanse frå Eidfjord.

## **Møtefrekvens felles-UFAB**

Det vert lagt opp til halvårleg møte i felles-UFAB. Møta kan gjennomførast virtuelt med ca. 1 times varigheit.

Felles UFAB diskuterte samansetning:

- Ein representant for kvart lokale UFAB
- Bergen kommune
- Ein representant frå Haraldsplass Diakonale Sjukehus
- Helse Bergen representantar:
  - Viseadm. direktør
  - Seksjon for samhandling
  - AMK
  - Akuttmedisinsk avdeling – avdelingssjef og ass. avdelingssjef
  - Beredskap

Felles UFAB diskuterte og om ein skulle ha med andre, t.d. beredskap hjå Statsforvaltar. Ein vart samde om at andre blir tatt med når det er behov for det – ikkje som faste medlemmer.

## Eventuelt

- **Video i AMK**

Karoline orienterte kort om videoløysing AMK kan nytte i akuttmedisinske situasjonar. Innringer får tilsendt og aktiverer ein link som gjer at AMK kan sjå direkte frå staden hendinga er. Dette gir betre informasjon og ein vert betre i stand til å gi gode råd. Videoen er direkte og vert ikkje lagra.

Det kom fram ønskje om at LV- lege også kan ta del i dette. Det er utvikla løysing for «medtitt», og ein kan ta kontakt med SNLA for å få tilgang til denne.

- **Betaling for bruk av politibistand**

Politiet tar betalt for tenester som dei definerer som «Helsetenesta sitt behov». Det er tatt initiativ for å diskutere dette med Politiet.

- **Organisering av luftambulansetensta**

Det er lagt ut eit høyringsforslag, «organisering av luftambulansetenesta».

Erfaringane med sist anbodskonkurranse for flyambulansetenesta viser at det medfører stor uro i høve kvalitet, den enkelte sitt arbeidsforhold m.m., og at dette igjen kan påverke flytryggleiken.

Det er samstundes veldig tydeleg at helseføretaka ikkje kan ta på seg oppgåva som eit «flyselskap».

Bergen kommune ønskjer dialog med Helse Bergen på synspunkt før dei sjølve leverer ei høyringsutsegn, og Bergen kommune vert kopla mot Øyvind Thomassen (seksjonsleiar Luftambulansen).

- **Prosedyreboka (Bliksund) – Legevakt i Vest**

Prosedyrehandboka vert brukt aktivt i fleire legevakter, men det er ei utfordring at den ikkje vert oppdatert. Det er og ei utfordring at det vert innført medikament i ambulansetenesta som legevaktslegar er usamd i. Ein må ta ein diskusjon om prosedyrehandboka skal vidareførast – det vil i såfall krevje ein innsats frå fleire for å sikre at prosedyrehandboka vert oppdatert.

Dette vert tatt med vidare til alle lokale UFAB før ein på nytt tar saka opp i Felles-UFAB.